



Båten som vart stolen.

Natt til i dag, onsdag, vart ein båt stolen ved eit naust nedanfor Lio i Sandvikjo. Båten vart onsdag funnen att drivande ved Gullholm utanfor Korsnes. Båten, ein Pionèr 13, var då ribba både for motor, fenderar og tauverk, bensintank og inventar. Politi og eigar er svært interessert i å høyra frå folk som kan ha opplysningar i tilknytning til tjuveriet.

Familien som ferierer i Lio mellom Uskedalen og Dimmelsvik, hadde kjøpt båten for 7 dagar sidan for at borna skulle kunna kosa seg med den i sommarferien. Det var altså ein Pionèr 13, 2013-model, med ein 6 hk Mercury påhengsmotor. Motoren er frå 2009.

Båten er altså i dag funnen drivande utan for verkstadbygget til Leif Jarle Bergstø, men då var den ribba for utstyr. Det vert sagt at spor kan tyda på at dette var teke på land i dette området.

Motoren har serienr: **OR267788** model nr: **1-FO6201F A**. Dersom nokon får tilbud om kjøp av denne type motor, bør dette sjekkast nøye.

Dersom nokon har opplysningar som kan setjast i samband med tjuveriet, vert dei oppfordra om å melda frå til politiet, eller til båteigar på tlf 928 34 400.

Det vert og sagt at det har vore fleire andre tjuveri frå båtar på same strekningen.



Båten frå ein annan vinkel.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat